

Høyslass - Bruskor



Høyslass og Bruskor er markerte kollar sør for Bødalen med bratte lier, tronge dalar, stup med berghyller og vide utsyn. Det er kort veg frå Bø sentrum til tre parkeringsplassar; Forberg, Nordbøåsen og travbanen. Herifrå kan du følgje skilt og merka stiar til tre lokkande turmål: Bruskor, Trelsborg og Høyslass.

Det er mogleg å gå ulike rundturar på merka stiar. Mange startar turen frå Travbanen med bratt stigning opp lia og deretter i fint slakt terreng nord-vestover åsen mot Høyslassnuten, 375 m.o.h. Her oppe er det flott utsikt nordover mot Bø-dalen og på andre sida av nuten, sørover mot Gygestolen. Det er bratt nedstiging til Slentemoen tilbake til Skyttarbanen og Travbanen.

Parkering: Frå Bø sentrum er det ca 2 km til Veirudkrysset langs riksveg 359 mot Lunde; følg vegskilt til Travbanen.

Du kan også prøve å ta deg opp på Bruskor frå Forberg-sida. Frå parkeringsplassen er det ein bratt og luftig oppstiging på flate berg og i glissen furuskog med flott utsyn over dalen heile vegen opp til toppen på 400 m.o.h. Frå Bruskor er det vide utsyn mot nord, aust og sør mot Øvre Bø, Forberg, Lifjell, Bryggefjell og Bø.

Parkering: Ca 4 km langs riksveg 36 frå Bø sentrum mot Seljord; inn til venstre like etter gamle Forberg skule.

Kultur

Vi finn mange husmannsplassar som er avmerkt på kartet. Husa er borte, men framleis kan ein sjå tufter og steingjerde. På plassen Høyslass sto husa til ca 1930. På husmannsplassen Høymyrane hende tragedien som er fortalt i bygdeboka: Mannen døydde og kjerringa vart sparka i hel av hesten.



Utsyn frå stien bratt opp frå parkering ved Forverg – mot Forbergåsen og Bødalen bak. Foto Arne Hjeltnes.

På toppen av Høyslassnuten ligg den gamle småkongegrava som blei utgaven for ca 150 år sidan. Bygdeborga Trelsborg er eit gammalt festningsverk der bygdefolket søkte tilflukt i urolige tider. I dag finn vi restar av tørrmurar laga av store steinar. Ein stor hellar, “Rusulhellaren” finn du på sørsida av

Høyslassnuten. Følg skilt og merka sti heilt fram. Ved toppen av Bruskor vitnar utsprengt stein om skjerp etter molybden. Like under Høyslassnuten ved stien på austsida, finn du ei lita olle som ga kaldt godt vatn også i tørkesumaren 1947. Like ved plassen Skorra under Bruskor, har vi skilta til ein mura brønn.




Høyslass mot Forberg, Liheia og Lifjell lengst bak. Foto: Arne Hjeltnes

Natur

Kollane i turområdet er, som i store delar av Telemark, danna av harde lyse bergartar som gir eit brattlendt og småkupert landskap med relativt artsfattig vegetasjon og fugle-/dyreliv. Men i mange av dei bratte lisidene er gneisgranitten gjennomsett av mørke bergarter, amfibolittar. Den forvittrar lett og gir mineralnæring til kravfulle planter som blåveis, tysbast, myske, sanikkel og myskegras og eit meir variert dyreliv. I solvarme lier finn vi fragment av edellauvskog med alm, lind, lønn og hassel. Store “blomsterbedd” med liljekonvall duftar i liene om våren.

Viltområdekartet for Bø kommune fortel at turområdet Høyslass/Bruskor er eit godt leveområde for elg, rådyr, storfugl og jerpe. Jerpe er ein triveleg skogsfugl på storleik med ei due, som du kan sjå om du er observant. Den er ikkje særleg sky og flyg med surrande venger ein kort stubb bort når du går forbi. I dette området finn ein streifdyr av gaupe, bjørn og hjort.



Rusulhellaren. Foto Arne Hjeltnes